



Flotte representantar for Rosendal/Uskedal

J14-laget stiller i nye flotte drakter i grønt og kvitt når Norway Cup startar til helga. Draktene har dei fått frå Spar Uskedalen. Dei vart nyleg overrekt til laget, og første gang draktsettet vert nytta, vert altså når laget spelar sin første kamp under den opplevingsrike og tradisjonsrike turneringa i hovudstaden.

Trenar for laget, Tor Gundersen, fortel at jentene vart svært glade for gáva då dei fekk prøva draktene for fotografering nyleg. Helst ville dei hatt dei med seg heim!

Tor er også svært takksam overfor Spar, og på vegne av jentene vil han retta ei stor takk til Bente L. Nilsen og resten av Spar-staben.

- Vi set stor pris på korleis 'Jentene' på Sanden stiller opp for lag og organisasjonar med sponing og ellers andre bidrag, seier trenaren og legg til at det er både inspirerande og kjekt for jentene å stilla i dei flotte draktene når dei skal delta i den verdskjende fotballturneringa.

Bente L. Nilsen seier at dei er glade for å kunna bidra på denne måten i det viktige barne- og ungdomsarbeidet. Ho håpar at dei kjem til å gjera det godt i Oslo, koma langt i turneringa og få mange kjekke opplevingar. Ho kjem i alle fall til å følgja spent med på laget.

Når ein reiser til Norway Cup, er det alltid vanskeleg å vita korleis ein ligg an, for ein kjenner gjerne lite til nivået til motstandarane. Ut frå det dei har prestert i seriespelet, skulle J14-laget liggja godt an. Etter å ha scora 44 og sleppt inn 8 mål på 8 kampar i vårsesongen, vann dei si pulje klart, og dermed rykte dei opp i 1.divisjon frå hausten. Dei har altså ein imponerande vårsesong bak seg.

I dei innleiande kampene i Norway Cup møter dei Skeid, Hafslo og Surnadal. Trenar Tor Gundersen seier at han kjenner lite til laga, er spent på nivået og gler seg veldig til å sjå jentene i kamp.

- Det er ein flott gjeng som vil ha stort utbyte av turneringa, avsluttar han. Laget møter 11`ar lag, og det er som regel i dei klassane det er tøffast å hevda seg.

Vi ønsker jentene i dei flotte nye draktene lukke til i Norway Cup.



[Det vert spennande å følgja jentene i Norway Cup.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Tor Gundersen